



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT



ØYSTESE BARNESKULE

2. – 5. november 2009



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Øystese barneskule er ein fulldelt barneskule med 2 grupper på trinna 2, 3, 4, 6 og 7. På trinn 1 og 5 er det ei gruppe.

Skuleåret 2009/2010 er det 40 tilsette og 232 elevar.

- 25 lærarar
- 1 leiar SFO
- 10 assistentar
- 1 kontorfullmektig på deltid
- 1 rektor
- 2 inspektørar

SFO

47 barn har plass i SFO skuleåret 2009/2010. Dagleg leiar er Sissel Huse.

Marit Torpe er gruppeleiar på SFO. I tillegg til desse arbeider 5 vaksne på SFO (deltid). Skuleåret 2009/2010 er det morgonopning på SFO.

STYRET I FAU 2009/2010

- Per Dysterud – leiar
- -nestleiar
- Britt Børve – kasserar
- Nils Eivind Stranden – skrivar
- Else Marie Kjosås, Arvid Åsprang og Line Lie - styremedlemmer

Visjon:

Øystese barneskule:

Ein skule som fremjar

Glede

Læring

Aktivitet

Draum

- med og utan "hardangersaum".

Hovudmål: Øystese barneskule vil arbeida for at alle elevar får eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

3 – Vurderingstema

Øystese barneskule har bede om vurdering på følgjande tema:

Tilpassa undervising og integrering av framandspråklege elevar.

Bakgrunn for val av tema:

Lærarane har arbeidd i grupper og stemt på kva tema som skulle vera grunnlag for vurdering. I dei seinare åra, har skulen fått mange born frå andre land. Det er tydeleg mykje frustrasjon hjå dei tilsette, då dei kjenner seg utilstrekkeleg i møtet med framandspråklege elevar. Dei tilsette ynskjer hjelp til å verta betre på tilpassa undervising og integrering av desse borna. Difor valde dei dette temaet.



4 – Kriterium

Kvalitetskrav



Kriterium tyder her kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriteria samanlikna med den informasjonen som er samla om temaet. Dette vert gjort gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokumenta som skulen har lagt fram.

Kriteria i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.

Elevane har eit trygt og inkluderande læringsmiljø

- elevane er trygge på kvarandre
- elevane er trygge på dei vaksne
- elevane kjenner reglar og rutiner på skulen
- elevane kjenner læringsmåla
- elevane kan rosa kvarandre
- elevane diskuterer regelmessig kva dei kan gjera for å få til eit trygt og inkluderande miljø

Personalet deler kunnskap og erfaringar som er med på å sikra eit fleirkulturelt læringsmiljø

- personalet tek ansvar for alle elevane
- personalet reflekterer over eigen praksis
- personalet kan endra praksis
- personalet legg til rette for at elevane kan læra på ulike måtar
- elevane får vita korleis dei kan nå læringsmåla, framovermeldingar

Dei føresette er aktive medspelarar i arbeidet med å skapa eit inkluderande læringsmiljø (fleirkulturelt felleskap)

- læringsmiljøet vert diskutert på foreldre/elev/lærarsamtalen
- føresette meiner at skule-heim samtalar er nyttige
- dei føresette kjenner eleven sine læringsmål
- dei føresette veit korleis dei kan påverka i høve til inkluderande læringsmiljø



Skulen er ein lærande organisasjon

- skulen nyttar personalet sin kompetanse i høve til framandspråklege elevar
 - personalet har kompetanse i høve til framandspråklege elevar
 - skulen (og skuleeigar) har planar for å ta i mot slike elevar
 - elevar som ikkje kan norsk, får ressursar på line med born som har einskildvedtak i kommunen
-

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne : Alle lærarane, inspektør, rektor og om lag 30 elevar på mellomtrinnet og 4 elevar på småskuletrinnet, PPT – leiar og skulesjefen i Kvam herad
- Eksterne : Turid S. Mykkeltvedt og Britha Sandal

Grunngjeving for val av informantar

I eit vurderingsarbeid er det viktig å høyra alle partar som er involvert i tema. Tilpassa opplæring og integrering av framandspråklege elevar gjeld elevane, dei tilsette ved skulen, og dei instansane som famnar skulen og som skal stø skulen i dette arbeidet.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølv vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføre ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



TID	AKTIVITET	ANSVAR
November 2007, plan for vurdeing av skulane i regionen laga	Møte mellom dei skulefagleg ansvarlege i regionen	Regionssekretæren
21. sept	Glansbilete sendt til skulen	Vurderarane
22. okt	Formøte på Øystese barneskule	Vurderarar / tilsette
26. okt	Nytt glansbilete sendt til skulen	Vurderarane
Måndag 2. nov KI 08.15	Møte mellom vurderarane og tilsette	Vurderarar / tilsette
KI 08.40	Samtale med:	Vurderarar
KI 09.25	- elevgruppe 1	Rektor/inspektør set opp liste
KI 10.10	- elevgruppe 2	
KI 10.55	- elevgruppe 3	
KI 12.00	- elevgruppe 4	
KI 12.45	- elevgruppe 5	
KI 13.45	- elevgruppe 6	Vurderarane
KI. 19.00 – 20.00	- kort orientering om elevintervju til rektor og inspektør	Vurderarane
	- Foreldremøte	Vurderarar Leiing vidaresender brev og legg til rette for møte
Tysdag 3. nov	Samtale med:	Vurderarar /leiing/ tilsette
KI 08.40	- lærargruppe 1	
KI 09.25	- lærargruppe 2	
KI 10.10	- lærargruppe 3	
KI 10.55	- lærargruppe 4	
KI 12.00	- lærargruppe 5	
KI 12.45	- lærargruppe 6	
KI 13.30	- språk lærar	Vurderarane
KI 14.30		
KI.15.00	- Representant for skule eigar	
Onsdag 4. nov KI 08.40	Samtale med - elevar frå klasse 1 – 4	Rektor / inspektør
KI. 09.25	Observasjon i klassane	Vurderarane



Kl 14.00	PPT	
Kl. 14.30	Intervju leiinga Informasjon til for rektor / inspektør	
Torsdag 5. nov 13.45 – 15.00	Presentera rapporten for tilsette, elevråd, foreldrerepresentantar og representant for skuleeigar.	Vurderarane Leiing legg til rette
Tid	Aktivitet	Ansvar
Innan 5. desember	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Turid Mykkeltvedt som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Lygre	Rektor og T.S.M.

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

I vurderingsveka fekk vurderarane tilgang til alle relevante planar for skulen.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis, dette med utgangspunkt i K-06. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Tema i desse samtalanene er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Desse guidane ligg som vedlegg til rapporten.



Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. Møtet vart halde måndag 2/11 2009 på skulen, og 9 foreldrerepresentantar møtte vurderarane.


Møte med rektor og inspektør

Leiinga har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med leiinga dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med leiinga på slutten mandag og onsdag. Rapportane (offisiell og konfidensiell) vart lagt fram for rektor og inspektør torsdag 5/11- 2009.

Observasjon

Vurderarane vitja alle trinna, onsdag 4. november.

Vurderingsprosessen



- 1. Velja område for vurdering - grunngje og forankra**
- 2. Laga glansbilde**
- 3. Innhente og strukturere informasjon**
- 4. Vurdering - Samanstillast og sjå mønster**
- 5. Spela tilbake til organisasjonen**



Grønn: Skolens praksis er god og i tråd med glansbildet

Gul: Skolens praksis må bedres

Rød: Skolens praksis må endres - tiltak er nødvendig.



Elevane har eit trygt og inkluderande læringsmiljø

- *elevane er trygge på kvarandre*
- *elevane er trygge på dei vaksne*
- *elevane kjenner reglar og rutiner på skulen*
- *elevane kjenner læringsmåla*
- *elevane kan rosa kvarandre*
- *elevane diskuterer regelmessig kva dei kan gjera for å få til eit trygt og inkluderande miljø*
- *elevane diskuterer regelmessig kva dei kan gjera for å få til eit trygt og inkluderande miljø*

Personalet deler kunnskap og erfaringar som er med på å sikra eit fleirkulturelt læringsmiljø

- *personalet tek ansvar for alle elevane*
- *personalet reflekterer over eigen praksis*
- *personalet kan endra praksis*
- *personalet legg til rette for at elevane kan læra på ulike måtar*
- *elevane får vita korleis dei kan nå læringsmåla, framovermeldingar*
- *læringsmiljøet vert diskutert på foreldre/elev/lærarsamtalen*
- *føresette meiner at skule-heim samtalar er nyttige*
- *føresette meiner at skule-heim samtalar er nyttige*
- *dei føresette kjenner eleven sine læringsmål*
- *dei føresette veit korleis dei kan påverka i høve til inkluderande læringsmiljø*

Dei føresette er aktive medspelarar i arbeidet med å skapa eit inkluderande læringsmiljø (fleirkulturelt felleskap)

Skulen er ein lærande organisasjon

- *skulen nyttar personalet sin kompetanse i høve til framandspråklege elevar*
- *personalet har kompetanse i høve til framandspråklege elevar*
- *skulen (og skuleeigar) har planar for å ta i mot slike elevar*
- *elevar som ikkje kan norsk, får ressursar på line med born som har einskildvedtak i kommunen*



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Kriterium: Elevane har eit trygt og inkluderande læringsmiljø

- *elevane er trygge på kvarandre*

Fleirtalet av elevane svarar at dei er trygge på skulen. I samtalanane me hadde kom det fram at dei har ei fadderordning, som vert halden varm ved at elevane er saman ei stund kvar fredag. Lærarane er samde i det, og lærarane seier at det verkar som om dei er trygge. Hjå dei minste er det kan henda noko avhengig av at dei faste lærarane er på jobb. Dei framhevar og at mobbeproblematikken vert teke opp med jamne mellomrom.

- *elevane er trygge på dei vaksne*

Det er ingen vaksne på skulen som elevane tykkjer er skumle eller er redde. Dei er einige om at alle lærarane er snille, og at dei veit kva dei kan venta frå dei.

- *elevane kjenner reglar og rutiner på skulen*

Elevane er medvite reglane og kva konsekvensar det får om dei bryt dei. Alle veit at dei har reglar, dei kan dei, og lærarane minner om dei dersom det er nokon som seier stygge ting eller liknande. Elevane skil mellom skulen sine ordensreglar, og klassen sine reglar. Dei veit at dei heng i klasserommet, og somme seier dei ofte går i gjennom dei. Dei er og veldig klar på at dei tykkjer det skal vera reglar, og som den eine eleven uttrykte det: " Det er bra med litt strenge reglar for det bremsar enkelte elevar". Lærarane er sikre på at dette kjenner elevane til.



- *elevane kjenner læringsmåla*

Alle elevane visste at læringsmåla står på lekseplanen, og det er tydeleg at dei ofte vert gått i gjennom i klasserommet. Både føresette og lærarar stadfestar at læringsmåla er kjent blant elevane. Alle faga har læringsmål på lekseplanen.

- *elevane kan rosa kvarandre*

Elevane meiner at dei kan det, både i timane og ute i friminutta. Det vert og lagt opp til det frå lærarane si side. Då kan det vera aktivitet, produkt eller framføring, som elevane vert oppfordra til å gje tilbakemelding på. Elevane rosar med kommentarar eller klapp.

- *elevane diskuterer regelmessig kva dei kan gjera for å få til eit trygt og inkluderande miljø*

Det er særleg merksemd retta mot integrering av nye elevar i periodar når det kjem nye til skulen. Då fortel elevane at dei snakkar mykje om det, og at dei er godt førebudde. Etter kvart tek gjerne læraren oppatt korleis det går, og oppfordrar elevane til gradvis å snakke meir norsk med dei framandspråklege.

Kriterium : Personalet deler kunnskap og erfaringar som er med på å sikra eit fleirkulturelt læringsmiljø

- *personalet tek ansvar for alle elevane*

Slik kjenner elevane det. Dei tykkjer at alle bryr seg om alle, og at det er lett å ta kontakt med til dømes alle vaktene. Lærarane seier at dei prøver å sjå alle elevane, og at dei ordnar opp med alle elevane, men at dei involverar kontaktlæraren dersom det er alvorlege ting, som skader.

Kriterium: Dei føresette er aktive medspelarar i arbeidet med å skapa eit inkluderande læringsmiljø (fleirkulturelt felleskap)

- *læringsmiljøet vert diskutert på foreldre/elev/lærarsamtalen*

Saman med innkallinga til samtalen, føl det med eit skjema der læringsmiljøet vert nemnd særskilt, og føresette, elevar og lærarane er klare på at dette vert teke opp og drøfta i denne samtalen.

- *føresette meiner at skule-heim samtalar er nyttige*

Det er ein samtale som er planlagt ein gong om hausten, og ein gong om våren. Der vert tilhøva kring den einskilde teken opp, og den femnar både om den sosiale og den faglege sida. Dei føresette seier at, ja, dei er nyttige.

- *dei føresette kjenner eleven sine læringsmål*

Grunna lekseplanen, der læringsmåla står oppført, seier dei føresette at dei kjenner til desse.



9 – Skulen sine utviklingsområder innan vurderingsområdet

Kriterium: Elevane har eit trygt og inkluderande læringsmiljø

- *elevane diskuterer regelmessig kva dei kan gjera for å få til eit trygt og inkluderande miljø*

Elevane og personalet seier at dei drøftar læringsmiljøet når dei får vita at det skal koma ein ny elev i klassen.

Tidlegare var skulen med i Olweus sitt program mot mobbing, men det er dei ikkje lenger. Foreldra meiner skulen ikkje må sleppa fokus på dette, dalar fokus kan det føra til at erting og plaging aukar.

Vurderarane har fått vite at skulen er i ferd me å ta i bruk eit nytt program, "Det er mitt vall!", dette meiner me er rette tidspunkt for på nytt å fokusera på læringsmiljøet.

Kriterium: Personalet deler kunnskap og erfaringar som er med på å sikra eit fleirkulturelt læringsmiljø

- *personalet legg til rette for at elevane kan læra på ulike måtar elevane får vita korleis dei kan nå læringsmåla, framovermeldingar*

På Øystese barneskule har me høyrte om (elevane og personal) og sett mykje tradisjonell undervisning, med bruk av tavle, lærebøker, blyant og papir. Resultatet skulen har på dei nasjonale prøvene syner at dette kanskje er lurt.

Likevel meiner vurderarane at det er viktig at elevane får reflektera over når dei lærer best (sjå – dette sa elevane i den uoffisielle rapporten).

Særleg gjeld nok dette dei svakaste elevane.



Elevane etterlyser også meir variasjon i leksene, "me gjer liksom det same heile tida".

Me har også sett og høyrte om utedagar, særleg i 1.-4. trinn.

Under intervju av personalet har me også høyrte om eit opplegg kalla "Laupsa gard", me har også fått lese om dette. Her har skulen eit godt utgangspunkt i ulike måtar å læra på, og ikkje minst for å inkludera dei framanspråklege i natur og kultur i Kvam herad.

Når det gjeld framovermeldingar har nok skulen ein veg å gå, jamnfør vurderingsforskrifta for elevvurdering. Vurderarane har fått fortalt at dette er personalet i gang med å verta betre på, og det er også nedfelt som satsingsområde i versemidsplanen.

Då de skulen er komen langt i å synleggjera læringsmåla for elevar og foreldre, burde dette vera eit godt utgangspunkt for å gi elevar og foreldre undervegs meldingar kva dei kan gjera betre for å nå læringsmåla.

Meir tilpassa opplæring; 1. -2. klasse: sørg for at språklærar får planen for bokstavinnlæringa, slik at dette kan samkøyrast med dei framanspråklege elevane sine oppgåver.

Alle elevane treng øving i å vera merksame på samansette tekstar. Alle lærarar er leselærarar. Sjå på overskrift / underoverskrifter, hent fram bakgrunnskunnskap, sjå på bilete, ingressar, fotnotar og tabellar. Dette er særleg viktig i høve framanspråklege elevar. Skap kultur for at det er tøft å spørja om ord i teksten som ein ikkje forstår.

Ty til arbeidsplanmetodikken eller stasjonar innimellom, der har ein eit unikt høve til å tilpassa opplæringa og fletta inn ulike læringsstilar. Då har ein òg tid til å vegleia elevar på lesing. La elevane lesa ukjende tekstar, hjelp dei vidare frå der dei er. Tenk etter om dei er ein alfabetisk – fonologisk – ortografisk – strategisk lesar. Lytt etter enkelt komponentar som t.d. har dei automatisert diftongar, 100 – 200 – 500 ordlista, (ordlister med hyppig brukte ord), dobbel konsonantar, komplekse grafem... Kan dei lesa instruksjonar og oppskrifter, kart og tabellar, og hjelp dei vidare i leseutviklinga frå det nivået du finn dei på. Dette er også særleg viktig for dei framanspråkleg elevane, då der er mange lydar og lydsamansetningar som kan vera særst vanskelg for dei.

Kriterium: Dei føresette er aktive medspelarar i arbeidet med å skapa eit inkluderande læringsmiljø (fleirkulturelt felleskap)

- *føresette meiner at skule-heim samtalar er nyttige*
- *dei føresette veit korleis dei kan påverka i høve til inkluderande læringsmiljø*

Vurderarane hadde møte med foreldre mandag 2/11-09 kl.19.00- 20.00. Trass i dårleg frammøte, møtte me engasjerte og interesserte foreldre.

Føresette meinte at skule-heim samtalanane var nyttige, men dei var for korte, og såleis vart det ofte ein **monolog** frå lærar med informasjon om grad av måloppnåing i fag og om læringsmiljø og sosial kompetanse.

Dersom lærar hadde gjeve foreldra denne informasjonen før møte mellom skule og heim, kunne tida meir nyttast til **dialog** om måloppnåing og læringsmiljø.

Vurderar har erfaring med at dette har vore vellukka på mange andre skular.

Dei gav også uttrykk for at dei ikkje på nokon måte var engasjert av skulen for å medverka til eit inkluderande miljø. Her har nok skulen ein unytta ressurs!



Las i "Utdanning" ein artikkel om skule-heim samarbeid, der forfattaren hevda at foreldra i den norske skulen meir eller mindre hadde abdisert, og skulen hadde gitt dei lov til det(under L-97). K-06 peikar fleire stader på at foreldre er ein ressurs skulane må nytta for å lukkast både med måloppnåing i fag og for å få til eit godt læringsmiljø.

Meir og betre informasjon om kva skulen arbeider med, trekkja foreldre meir inn i arbeidet med inkludering kan vera måtar foreldre kan koma på bana att.

Foreldre bør også få koma til orde når det gjeld vanskegrad og mengd av lekse elevane har, til dømes gjennom ein enkel spørjeundersøking på lekseplanen.

Vidare har både elevar og foreldre hevda at vakthaldet på skulen bør betrast, særleg i første friminuttet. Dei etterlyser også meir aktive vakter som høyrer og ser borna betre.

Dersom skulen gjer noko med dette, må foreldra få informasjon. Slik viser skulen at dei tek foreldra på alvor.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *skulen (og skuleeigar) har planar for å ta i mot slike elevar*
- *elevar som ikkje kan norsk, får ressursar på line med born som har einskildvedtak i kommunen*

Øystese barneskule ba om å verta vurdert på "tilpassa opplæring og inkludering av framandspråklege elevar". Dette gjorde dei fordi dei var komne i ein situasjon der fleire framandspråklege kom til skulen utan at dei hadde tilgang til tolkar, og dei måtta sjølv finne ut korleis dei skulle løysa dette.

I Kvam herad fins det ingen overorda plan for korleis dette skal gjerast, og heller ikkje skulen har nedfelt noko skriftleg. Fleire skular i heradet er i same situasjonen, dvs. dei har eit aukande tal på framandspråklege elevar.

I samtale med leiinga ved skulen og personalet kom det fram at heller ikkje skulane i heradet samarbeider om korleis dei skal møte denne utfordringa.

1. Det må utarbeidast ein overordna kommunal plan for korleis skuleigar/heradet vil at skulane skal møte denne utfordringa. (Ansvar: heradet). Dette arbeidet må koma i gang innan ein månad.
2. Det må utarbeidast skriftlege rutinar på dei einskilde skulane, med utgangspunkt i den kommunale planen. (Ansvar: rektor på skulen, gjerne i samarbeid med leiing på andre skular i heradet.)
Leiinga ved Øystese barneskule må straks be dei tilsette som har teke i mot framandspråklege barn om å skriva ned korleis dette vart gjort, og positive og negative erfaringar. Skulesjefen i Kvam må påleggja leiinga ved dei andre skulane i heradet som har teke i mot slike elevar om å gjera det same. Leiing ved skulane må samanfatta dette, og såleis gje dei som skal arbeida med ein kommunal overordna plan eit konkret grunnlag for å starta sitt arbeid. På den måten skal kommunen få på banen dei ulike instansane, og saman ta eit kraft- tak for å sikra ein best mogleg start for dei nye Kvemmingane. PPT må vera ein naturleg deltakar i arbeidet med ein kommunal plan.